



Fiskeridirektoratet  
postmottak@fiskeridir.no

Deres ref.: 18/14288

Vår ref.: 18/19084

Dato: 17. desember 2018

## Svar på høyring - Forslag til endringar av forskrift om krav til teknisk standard for landbaserte akvakulturanlegg for fisk

Fiskeridirektoratet har sendt på høyring forslag til endringar i *forskrift om krav til teknisk standard for landbaserte akvakulturanlegg for fisk* som vart sett i verk den 01.01.2018. Forslaget til endringar inneholder stort sett presiseringar av det som står i den opprinnelige forskriften. Formålet med forskriften er å hindre rømming frå landbaserte akvakulturanlegg for fisk og sikre ein forsvarleg teknisk standard på anlegga. Denne forskriften er tufta på NS 9416:2013 som handlar om på kva måte eit anlegg må vere oppbygd både når det gjeld dei enkelte delane av og samansettinga av alle komponentane og kven som har ansvaret.

Veterinærinstituttet ser ikkje at dette forslaget til endringar av forskriften kan virke negativt på fiskehelse eller velferd og har difor ingen kommentarer til endringane.

Med hilsen

Edgar Brun  
avdelingsdirektør  
avd. for fiskehelse

Brit Tørud  
fiskehelsansvarleg  
seksjon for fiskehelse og biosikkerhet